



Pressemelding onsdag 18. august 2021

8 nye koronatilfelle i Alver

Dei fleste har kjent smitteveg og er knytt til pågåande utbrot i kommunen.

Koronasenteret til Alver kommune har fått svar på fleire koronaprøvar. Sidan tysdag formiddag har åtte nye fått påvist koronavirus.

- Sju av tilfella vart stadfesta tysdag 17. august.
- Eitt nytt tilfelle vart stadfesta onsdag 18. august.
- Sju av dei åtte tilfella har kjent smitteveg, og to av tilfella er knytt til eit pågåande utbrot i kommunen.
- Koronasenteret jobbar med å kartlegge nærkontaktar til det siste av dei åtte tilfella, som førebels har ukjent smitteveg.